



Møteinnkalling

Utval:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad:	Gjendesheim Turisthytte
Dato:	11.06.2024
Tidspunkt:	12:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Innkalling til møte i tråd med møteplan.

Vararepresentantar møter berre etter nærare varsel.

Kjell Brandsar er kalla inn som vara for Marit Sletten, som har meldt forfall.

Det blir lagt opp til ein liten tur ut for å sjå på den reparerte Besseggstien og området rundt brygga der det er aktuelt med reguleringsendring, jf. sak 26.

Det er sett opp orienteringssak for ein gjennomgang av retningslinjer for bruk av overtredelsesgebyr og orientering om avvik i ei motorferdselssak som kan vera aktuell for slik gebyr.

Det er også to nyleg innkomne søknader der det er nødvendig med avklaringar med andre aktørar før vi kan legge fram sakene for nasjonalparkstyret: (registrert på referatsak). Vi vil gje ei orientering, for vurdering av når vi evt kan få sakene til behandling.

* Søknad endring Alternativ 2 Rørgatetrase Memurubu Kraftverk 2018/618
(avklaring med NVE)

* Gjendebu- Søknad om nedgraving av tank 2024/6568
(avklaring med kommunen som ansvarleg for plan- og bygningslov og forureiningslov)*****

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 21/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 22/2024	Referatsaker		
RS	Vedtak i klagesak - Jotunheimen NP - snødekt mark - øvingsplan - kjentmannskøyering - skredfarevurdering - Luster Røde Kors Hjelpekorps		2023/14852
RS	Søknad endring Alternativ 2 Rørgatetrase Memurubu Kraftverk		2018/618
RS	Gjendebu- Søknad om nedgraving av tank		2024/6568
ST 23/2024	Delegerte vedtak		
3/2024	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2024-2027 - Motorferdsel for drift av Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre		2024/3576
4/2024	Delegert vedtak - Tillatelse - Jotunheimen nasjonalpark - 2024 - Bruk av helikopter for transport av personell, materialer og utstyr til Fannaråkhytta - DNT Oslo og Omegn		2024/2604
5/2024	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - Helikopter - Opprydding Fannaråkhytta - DNT Oslo og Omegn		2024/5035
6/2024	Søknad - Jotunheimen NP - TV-serie - filming fra toppen av Rasletinden - NRK		2024/3561
7/2024	Utkjøring av saltstein for Russdalen beitelag		2023/4357
8/2024	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2024-2025 - Stikking av vinterløype Memurubu - Leirvassbu - Leirvassbu Fjellstue og Memurubu turisthytte		2024/3556
9/2024	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2024 - Restaurering/utskifting av bru over Storåe ved Gjendebu - DNT Oslo og Omegn		2024/2989
10/2024	Delegert vedtak - endra kjøretrase april 2024 - ØKOSTOR: Prøvetaking på Gjende og behov for endret kjørerute inn til prøvepunktet		2021/4855
11/2024	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - vedlikehold av båtnaust ved Langvatnet - Langvatnet Båtlag A/L		2024/5141
12/2024	Delegert vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - Transport av materialer og utstyr på Vettisvegen - DNT Oslo og Omegn		2024/4765
13/2024	Delegert vedtak - Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - Helikopter - 2024 - Utskifting av stolpar på kraftlinje - Straumnett		2024/5896

14/2024	Søknad - Jotunheimen NP - helikopter - vedlikehold av tak på fjellstyrehytte ved Langvatnet - Langvassbua - Lom fjellstyre	2024/6024
ST 24/2024	Utladalen LVO - dispensasjon – 2024-25 - Riving og gjenoppbygging av hytte ved Kyrkjevatnet - Årdal Jeger- og Fiskarforening	2024/6026
ST 25/2024	Jotunheimen NP - dispensasjon - 2024-25 - Ombygging av brygge ved Gjendebru - Gjendebåten AS v/ Nordplan	2024/4772
ST 26/2024	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Endring av reguleringsplan Gjendeosen - Reinsvangen - Innspel til oppstartmelding	2019/13191
ST 27/2024	Orienteringssaker	
ST 28/2024	Eventuelt	

ST 21/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 22/2024 Referatsaker
Vedtak i klagesak - Jotunheimen NP - snødekt mark - øvingsplan -
kjentmannskøyering - skredfarevurdering - Luster Røde Kors Hjelpekorps
2023/14852
Søknad endring Alternativ 2 Rørgatetrase Memurubu Kraftverk 2018/618
Gjendebu- Søknad om nedgraving av tank 2024/6568
ST 23/2024 Delegerede vedtak
3/2024 Delegeret vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2024-2027 - Motorferdsel
for drift av Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre 2024/3576
4/2024 Delegeret vedtak - Tillatelse - Jotunheimen nasjonalpark - 2024 - Bruk av
helikopter for transport av personell, materialer og utstyr til Fannaråkhytta - DNT
Oslo og Omegn 2024/2604
5/2024 Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - Helikopter -
Opprydding Fannaråkhytta - DNT Oslo og Omegn 2024/5035
6/2024 Søknad - Jotunheimen NP - TV-serie - filming fra toppen av Rasletinden -
NRK 2024/3561
7/2024 Utkjøring av saltstein for Russdalen beitelag 2023/4357
8/2024 Delegeret vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel -
2024-2025 - Stikking av vinterløype Memurubu - Leirvassbu - Leirvassbu Fjellstue
og Memurubu turisthytte 2024/3556
9/2024 Delegeret vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2024 -
Restaurering/utskifting av bru over Storåe ved Gjendebu - DNT Oslo og Omegn
2024/2989
10/2024 Delegeret vedtak - endra kjøretrase april 2024 - ØKOSTOR: Prøvetaking på
Gjende og behov for endret kjørerute inn til prøvepunktet 2021/4855
11/2024 Delegeret vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 -
snødekt mark - vedlikehold av båtnaust ved Langvatnet - Langvatnet Båtlag A/L
2024/5141
12/2024 Delegeret vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2024 -
Transport av materialer og utstyr på Vettisvegen - DNT Oslo og Omegn 2024/4765
13/2024 Delegeret vedtak - Utladalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - Helikopter
- 2024 - Utskifting av stolpar på kraftlinje - Straumnett 2024/5896
14/2024 Søknad - Jotunheimen NP - helikopter - vedlikehold av tak på
fjellstyrehytte ved Langvatnet - Langvassbua - Lom fjellstyre 2024/6024

Arkivsaksnummer: 2024/6026-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	24/2024	11.06.2024

Utladalen LVO - dispensasjon – bygg og motorferdsel - helikopter - 2024-25 - Riving og gjenoppbygging av hytte ved Kyrkjevatnet - Årdal Jeger- og Fiskarforening

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i § 3 pkt 1.3 n) i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde dispensasjon til Årdal JFF for riving av den gamle hytta ved Kyrkjevatnet og oppføring av ny hytte på same plassen. Eksisterande bygg har ikkje nokon kulturhistorisk verdi, og er i tillegg vurdert som for dårleg til å kunne setjast i stand. Med heimel i naturmangfaldlovas § 48 blir det gjeve løyve til utviding av arealet på den nye hytta til to rom med innvendig storleik 10,4 m² og 8,1 m².

Vilkår for løyvet:

1. Hytta kan oppførast innan ytre mål for reisverk med 5,1 x 4,1 m. I tillegg kjem vindsperring, utlekting og kledning, noko som gjev samla mål på ytterveggene inntil 5,15 x 4,15 m, eller ca 21,4 m² BYA
2. Det blir ikkje opna for takoverbygg 1 meter ut frå veggen, da dette vil vera i strid med føringar om byggeskikk i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd og i forvaltningsplanen kap. 8.2. Takutstikket ville i tillegg medføre at auken i storleik i høve til eksisterande hytte ville bli uforholdsmessig stor. Takutstikket vil og gje eit anna uttrykk i landskapet.
3. Farge og materialval skal bidra til at hytta skal gå mest mogleg i eitt med landskapet - jf. verneformål om landskapet og verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd. Fargen skal vera den same som på eksisterande hytte og utedo, eller naturfarge i den mørke og varme delen av fargeskalaen. Ved eventuell endring av farge frå eksisterande skal også utedoen påførast den nye fargen (brun/grå). Vindskier og dør skal ha same farge som veggene. Takmateriale er shingel eller takpapp i skifergrå farge.
4. Nybygget skal oppførast rett inntil den gamle hytta, i tråd med situasjonsplan.
5. Den gamle hytta skal rivast straks etter byggeperioden er avslutta, og rivingsmaterialar fraktast ut av verneområdet saman med utstyr og materialrestar etter nybygget, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1.
6. Tomta etter gamle hytta skal ryddast og setjast i stand til mest mogleg naturleg terreng.
7. Årdal JFF er ansvarlege for vedlikehald av hytta. Dersom foreininga blir oppløyst, må hytta fjernast eller søkast godkjent for bruk i regi av fjellstyret eller ein organisasjon som opnar for at allmenta får tilgang til hytta gjennom utleige. Hytta blir godkjent etter verneforskrifta som jakt- og fiskebu for Årdal JFF, men ikkje for bruk som privathytte.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad ved e-post av 22.05.2024 frå Årdal jeger og fiskerforening v/ leiar Vidar Moen og ingeniør Fred Yttri som byggansvarleg
- e-post av 28.05.2024 frå Årdal JFF v/ Vidar Moen – ettersending fasadeteikningar
- e-post av 03.06.2024 frå Årdal JFF v/ Vidar Moen – spesifisering av arealutrekning m.m.

Saksopplysningar

Årdal JFF har hatt ei enkel hytte ved Kyrkjevatnet sidan 1950-talet, d.v.s. før vernevedtaket. Hytta er i svært dårleg stand, og det blir derfor søkt om riving og gjenoppføring av ei ny hytte.

Søknaden:

«Søknad om bygging av ny jakt og fiskehytte i Kyrkjevatnet gr nr 38 br nr 1

Årdal Jeger og Fiskerforening har sidan slutten av midten av 50 talet hatt jakt og fiskehytte i Kyrkjevatnet, innanfor Utladalen Landskapsvernområde, grn. 38 brn. 1 i Årdal kommune. Grunneigar er Statskog, Årdal Fjellstyre er Statskog sin forvaltar på eigendomen. Løyve til nybygg er og godkjent av Årdal Fjellstyre, sjå vedlegg. Det er leigeavtale på tomten med Statskog.

Hytta er bygd på 60 talet og datidens standard. ÅJFF ynskjer i større grad at familie med ungar skal nyte fjellet kring Årdal til friluftsliv, jakt, fiske og rekreasjon. Hytta er ikkje i bruk for tida grunna tilstand. Rehabilitering og utviding av dagen hytte finn vi for arbeidskrevande og kostbar. Vi har derfor beslutta å bygge ny.

Etter utbyggingen av Mannsberg med bilveg heilt opp, er området vorte meir populært og vi merkar større interesser for våre hytter. Plan er å oppgradere hytta i Kyrkjevatnet og Breibotn ila 2024/2025.

Den nye hytta vil stå like ved den gamle hytta. Plan er å bruke den gamle under byggingen av den nye. Den gamle vert reven etter ferdigstilling.

Tilstand gamle hytta:

- Kledning og deler av reisverk er råte.
- Fuktskade innvendig etter skade på tak. Tak ha sege ned og har truleg svekka takkonstruksjon.

Ny hytte vil gi området eit positivt løft.

ÅJFF kjøper ferdige element som gjer jobben gjennomførbar innan rimeleg tid.

- 1. Fly inn fundament 1-2 turar. Ferdigstille fundament. Juli 2024*
- 2. Fly inn hytte og materialer, bygge ny tett til vinter. August 2024*
- 3. Rive gamle hytte og fly ut materiale, søppel og utstyr. Ferdigstille hytte. August 2025*

Ny hytte vil verte noko større en den gamle og vil innehalde vedovn og fire sengeplassar.

Det er oppført uthuset med utedo ved eksisterande hytte, tidligare godkjent av Årdal kommune og Vernemyndighetene.



Plassering av ny hytte:

Ny hytte vert plassert om lag på same plass som eksisterande, ein til to meter frå den gamle, avhengig av fjell for fundamentering. NORD 6817901.66 ØST 126922.83

Ny hytte vil bli vridd litt med inngang sør / vest, sjå vedlegg Situasjonsplan.

Sidan dette er nybygg søker vi om dispensasjon for bygging innanfor NLF og Landskapsvernområde. Sidan vi erstattar dagens hytte med ei ny på omtrent same plassen håpar med det skal vera med å lette avgjesla.

- Avstanden til vatnet vert den same som eksisterande bygg.*
- Inngang vert snudd til sør/vest*

Hyttene kjem med ferdige vegger, innsatt glas og dørar, konstruksjoner og fundamentering er beregnet av leverandør. Fred Yttri er vår byggansvarlig og jobber daglig som bygningsingeniør hjå byggentreprenør Kleiven Sogn. ÅJFF står som tiltakshavar og byggansvarleg.»

Vedlegg til søknaden:

- Situasjonsskart
- Teikning av hytte

Ved ettersending av fasadeteikning er det opplyst at taket er planlagt med shingel eller takpapp i skifergrå.

Det er ved e-post av 03.06.24 gjeve slike tilleggsopplysningar / spesifisering av storleik: «*Dei totale yttermåla må legges til med tjukkelse på vindsperring, huntonittplater 12 mm, utlekting 11 mm og kledning 19 mm. Da er vi oppe i 25,87 m²*

*Har ikkje tatt med mål på utedoen. Den er 1,2 x 2,4 m
Det er ikkje sprosser på glas men det kan vi ta med.»*

Kyrkjevåvatnet gr / br.nr 38/1 Årdal kommune




Plassering av eksisterende hytte.

Plassering av ny hytte




Ny hytte plassert ved gamle hytte. Avstand til vatn vert om lag det same.

Byggeteikning



Fasade



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret forvaltar Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter sist revidert 19.01.24.

Verneformål – forskrift av 14.11.14

Verneforskrifta § 1 slår fast at formålet med Utladalen landskapsvernområde «er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.»

«Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.
- eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høg fjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslie til høg fjell og artar knytte til desse.
- særprega vassdragsnatur og landskapsformer.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Verneforskrift for Utladalen LVO set eit generelt forbod mot inngrep i landskapet:

«§ 3. Vernereglar

I landskapsvernområdet må det ikkje gjerast tiltak som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg. Det skal leggast vekt på den samla verknaden av tiltak i området. I landskapsvernområder er det innafor ramma av vernereglane høve til å utøve landbruk, friluftslivturisme, jakt og fiske, undervisning og forskning.

1. Landskapet

1.1. Inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskinar og liknande, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, uttak og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg og karakter, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

I medhald av § 3 pkt. 1.3 kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til ulike tiltak, m.a.: (relevante heimlar for denne saka er merka med gult):

- a. Ombygging og utviding av eksisterande bygningar, anlegg og innretningar.
- b. Oppføring av mindre bygningar og innretningar som er naudsynte for drift av turisthytter i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltningsplan.
- c. Gjenoppføring av bygningar, anlegg, steinmurar og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- d. – –

- e. –
- f. Riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg eller karakter.
- g. Oppføring av nye bygningar, gjerde, anlegg og innretningar som er naudsynte for jord- og skogbruk
- h. –
- n. Riving av bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk i samsvar med forvaltningsplan.
- o. –

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»

Ombygging og utviding av eksisterande bygningar er heimla i 1.3 a). Oppføring av ei heilt ny og større hytte er ikkje heimla i dei spesifiserte punkta i forskrifta, og må behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, som er erstatta av naturmangfaldlova § 48.


Ved riving må ein legge vekt på § 3 pkt. 7.1, som slår fast at «All slags ureining og forsøpling er forbode».

Forvaltningsplan (utkast frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument)

Forvaltningsplanutkastet deler verneområda i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad. Kyrkjevatnet (raud ring) ligg i såkalla brukssone i søraustre del av Utladalen LVO.

Kap. 6.3.3. Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep: «Sona er aktuell rundt dei betjente turisthyttene, langs vegar og andre større inngrep som kraftutbygging og kraftleidningar. - - -

Overordna strategi for sona: Utanom mindre justeringar/endringar skal det som hovudregel ikkje koma nye tiltak som vegar, byggverk ved hyttene. Inngrep frå tidlegare som ikkje er i samsvar med verneformålet, vil bli vurdert om noko bør gjerast for å stille dei til. Det skal ikkje takast masse til vedlikehald av vegar inne i verneområdet.»



Kap. 8.2. TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST

Retningslinjer: Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til. Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.

Kap. 8.15.5 gjev føringar for dispensasjonspraksis når det gjeld motorferdsel:

«Med bakgrunn i verneforskriftene bør utgangspunktet for motorferdsel vere ein streng dispensasjonspraksis. Følgjande vilkår vil bli lagt til grunn for motorisert ferdsel:

a) søknaden skal vere skriftleg.

b) det vil vere vanskelegare å få dispensasjon i sone utan tilrettelegging og inngrep, og i område og til årstider og til tider då det er mange som ferdist i eit område, som i fellesferiar, høgtider og helgedagar og evt midt på dagen).

c) dispensasjon for barmarkskøyring vil som hovudregel ikkje bli gjeve.

d) transportbehova skal samordnast.

e) permanente transportbehov i samband med drifta av turisthyttene, vinterstikking av skiløyper (tiltak som legg høva til rette for ålmenta) og til landbruksformål vil framleis kunne bli gjeve for fleire år. Dette føreset ei god samordning, informasjon og attendemelding. Av omsyn til andre brukarinteresser har dei som får slike løyve eit stort ansvar.

f) for private hytter i verneområda vil det bli følgt ein restriktiv dispensasjonspraksis.

Transport av materialar til vedlikehald av hytter vil normalt bli gjeve. - - - -»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkåra må vera oppfylt.

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet. Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Ei erstatningshytte på same plass som eksisterande hytte vil ikkje endre ferdselsmønsteret i høve til den etablerte bruken. Det å utvide arealet *kan* skape presedens i høve til andre som ønskjer å skifte ut eksisterande hytte innan verneområdet med nybygg, og samstundes auke arealet. Ein finn det likevel ikkje relevant å samanlikne hyttene til ÅJFF med private hytter, da ei slik lagshytte vil betre tilgangen til fiske og naturopplevingar for svært mange, ved at både medlemmer av ÅJFF og andre kan leige hytta. ÅJFF har også jakt-/fiskebuer ved Trollsjøen og ved Vasspollane, men det er ikkje andre eigarar med tilsvarande hytter i verneområdet. Dei fleste private hyttene i Utladalen LVO er hovudsakleg setereigedommar som har gått over til fritidsbruk. Tiltaket blir ikkje vurdert å skape uheldig presedens i høve til private hytter, da denne jeger- og fiskebua har anna eigar- og bruksform, som gjev god tilgang for allmenta.

Brev av 02.03.15 frå Klima- og miljødepartementet (KLD) gjev retningslinjer for presedens i byggesaker med dispensasjonsvurdering etter naturmangfaldlova § 48, jf. utdrag:

«*Presedensvurderingen bør være så konkret som mulig. Presedensfaren skal være reell og ikke hypotetisk. En konkret presedensvurdering vil bidra til likebehandling og ivareta hensynet til rimelighet. Dette vil øke forståelsen for verneforvaltningen.*

Vurderingen av presedensvirkninger knytter seg for det første til sannsynligheten for at lignende tiltak vil fremmes i fremtiden. Dette avhenger primært av antall saker hvor likebehandling tilsier at dispensasjon vil måtte gis. Sannsynligheten varierer på en skala fra

lite sannsynlig til svært sannsynlig. For det andre knytter vurderingen seg til konsekvensene for verneområdet av at de lignende sakene får samme utfall. Disse konsekvensene varierer på en skala fra lite alvorlige til svært alvorlige

Momenter ved vurdering av sannsynlighet for at et vedtak vil skape presedens vil blant annet kunne være hvor mange andre hytter det er i verneområdet som vil kunne søke om samme tiltak, om det er spesielle forhold knyttet til saken som tilsier at den kan særbehandles og om tiltakstypen er behandlet i forvaltningsplan med klar avgrensning av hva som kan tillates.

Momenter ved vurdering av hvilke konsekvenser det kan få om vedtaket danner presedens, vil blant annet kunne omfatte hva slags vernekategori det er tale om (det vil gjennomgående være mer alvorlige konsekvenser ved økt bygningsmasse i nasjonalparker enn i landskapsvernområder), hva slags verneformål det er tale om (i noen områder er verneformålet knyttet til å bevare urørte og villmarkspregede områder) og hvor stort / omfattende tiltaket er.

- - -

«Hvis søker har spesielle behov for å gjennomføre tiltaket, kan dette skille saken fra andre lignende saker og dermed redusere faren for presedensvirkninger.»

Vurdering

Verneforskrifta har forbod mot m.a. «*oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar*» og mot «*riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg og karakter*».

Den gamle hytta er av typen som vart sett opp i samband med kraftutbygginga til Hydro, og har ikkje særlege bygningsmessige kvalitetar som gjer at ein har grunnlag for gå imot riving. Ombygging og utviding av eksisterande bygningar er heimla i 1.3 a), men hytta er vurdert å vera i for dårleg til å kunne setjast i stand. Nybygg er derfor det einaste realistiske her.

Det kan med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 n) gjevast løyve til «*Riving av bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk i samsvar med forvaltningsplan*». Det å bygge opp att hytta ved Kyrkjevatnet i same storleik som før, ville vera i tråd med denne heimelen.

Nå er det søkt om ei noko større hytte, slik at nybygget må vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen, avløyst av naturmangfaldlova § 48. § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Det er ikkje oppgjewe eksakte mål på hytta som skal rivast, men den er neppe større enn 10 m². Den nye hytte vil verta meir enn dobbelt så stor, og det må vurderast nøye korleis nyhytta vil framstå i landskapet.

Sjølve hytta slik ho er teikna har lengde på 5,1 m, medan 1 m går over eit opent takoverbygg til samla lengde 6,1 m. Store takutstikk har ikkje tradisjon, og er ikkje i samsvar med føringar i § 3 pkt. 1.3 som seier at «*Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.*»

Det er viktig at hytta blir utforma slik at ho vert minst mogleg synleg i landskapet. Tilsendt fasadeteikning av den planlagde hytta viser kvite vindskier, men desse bør ha same farge som veggene for å dempe inntrykket. Den gamle hytta og utedoen er grå, og ein kan gjerne vidareføre fargevalet på den nye hytta. Dette vil harmonere godt med planlagt taktekking som er shingel eller takpapp i skifergrå. Brun eller mørkare grå vil også gli godt inn i landskapet, men dersom ein vel anna farge enn dagens gråfarge, må også utedoen påførast den same fargen som nyhytta, for eit heilskapleg uttrykk.

Dersom ein tek bort takutstikket og unngår kvite vindskier og dør, vil ikkje nybygget medføre vesentleg endra påverknad på landskapet, sjølv om hytta blir noko større. Det vil framleis

vera ei lita hytte som ikkje vil gjera mykje ut av seg i landskapet, men med to rom vil den bli akkurat stor nok til at også barnefamiliar kan få plass, og dette vil vera ei fin tilrettelegging for allmenta når det gjeld tilgang til fiske og friluftsliv. Nyhytta vil ikkje auke sengetalet, men vil ha separat soverom på 8,1 m² og opphaldsrom på 10,4 m². Det å bygge opp att i nøyaktig same storleiken vil ikkje representere noko tilbod til barnefamiliar, men berre vera eit tilbod til vaksne enkeltpersonar og par. Nytteverdien av ei litt større hytte enn den eksisterande blir vurdert som større enn ulempene, sidan ÅJFF legg til rette for at fleire skal kunne ha tilgang til hytta gjennom utleige. For å unngå uheldig presedens blir det lagt til grunn at dette er eit enkeltstående unntak for å tilrettelegge ei av ÅJFF-hyttene innan landskapsvernområdet som eit tilbod også for barnefamiliar, og at dei andre hyttene til Årdal JFF innan verneområdet (Trollsjøen og Vasspollane) blir behalde med uendra storleik.

Hytta er tenkt plassert rett ved sida av den gamle hytta, for å kunne nytte denne som brakke under byggearbeidet. Under føresetnad av at tomta etter den gamle hytta blir fullstendig rydda og sett i stand til mest mogleg naturleg terreng vil denne løysinga vera akseptabel.

Vurdering etter naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget. Kyrkevatnet ligg innan yttergrensene for Vest-Jotunheimen villreinområde, men har ikkje trekkruter eller andre sårbare lokalitetar i nærleiken. Det er heller ikkje registrert andre sårbare dyre- eller planteartar i nærleiken (Naturbase, 03.06.24). Saka gjeld fornying av ei eksisterande hytte, og tiltaket vil ikkje skape endra bruk, bortsett frå aktivitet under sjølve byggeprosessen og transport i tilknytning til denne. Tiltaket vil ikkje gje permanente negative konsekvensar for naturmangfaldet.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Ein kan ikkje sjå at den nye bua vil gje vesentleg auka belastning på naturmiljøet, bortsett frå auka aktivitet og motorferdsel i byggeperioden.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:

Forvaltningsstyresmakta følgjer ein svært streng praksis i høve til nybygg, men dette gjeld ei fornying og utviding av eit eksisterande bygg. Bygget skil seg frå dei private hyttene og sela ved at det er lagt vekt på felles bruk av ÅJFF sine medlemmer og andre gjennom utleige. Talet på sengeplassar aukar ikkje, men med betra standard må ein likevel rekne med auka bruk, og dermed kanskje noko auke i transport av ved mm. Det er viktig å unngå at byggeskikken gradvis forvitrar gjennom at det litt etter litt blir opna for bygningsutformingar som store takutstikk og liknande, som ikkje har tradisjon innan landskapsvernområdet.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Det kan påleggast opprydding og istandsetting av tomt etter den gamle hytta dersom dette ikkje er tilfredsstillande utført ved avslutting av byggeprosessen.

§ 12 Miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetode: Planlagt utføring med mest mogleg ferdige element som blir flogge inn med helikopter vil gje ein konsentrert byggeperiode og mindre fare for terrengslitasje rundt byggeplassen. Tiltakshavar må legge fram ein fullstendig transportplan med tidsskjema og stipulert tal helikopterhiv knytt til dei ulike operasjonane. Godkjenning av transportplan for motorisert ferdsel kan delegerast til forvaltar.

Konklusjon:

Hytta representerer eit betre tilbod til allmenta og for barnefamiliar når det gjeld jakt/fiske/friluftsliv, og kan gje naturglede og bidra auka naturkunnskap for nye generasjonar.

Den nye hytta vil ikkje ha vesentleg annan innverknad på landskapet enn eksisterande bygg, under føresetnad av at ein tek bort takoverbygget og brukar lik farge på vegger, vindskier og dør. Grå eller brun farge gjev eit dempa inntrykk i landskapet. Hytte og utedo må ha lik farge for eit heilskapleg preg.

Bruk av den gamle hytta som anleggsbrakke kan gje ein meir effektiv byggeperiode. Den gamle tomte og byggeplassen ryddast, jf. forskrifta § 3 pkt. 7.1 som set forbod mot ureining.

I samband med byggeprosessen må det lagast ein transportplan med tanke på god utnytting av kapasitet for å minimere omfanget av motorferdsel og tilpassing av transporten i tid for å gje minst mogleg ulemper i høve til naturmiljø og andre brukarinteresser. Transporttrasear og tidsrom må leggjast opp slik at ein tek best mogleg omsyn til fugle- og dyrelivet.

Den detaljerte transportplanen kan godkjennast av nasjonalparkforvaltar, innan dei føringane som blir sett av styret i saka.

Søknaden skal også behandlast av Årdal kommune, som forvaltningsstyresmakt etter plan- og bygningslova og motorferdsellova.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2024/4772-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 04.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	25/2024	11.06.2024

Jotunheimen NP - dispensasjon - 2024-25 - Ombygging av brygge ved Gjendebu - Gjendebåten AS v/ Nordplan

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 a) får Gjendebåten AS v/ Harald Rune Øvstedal dispensasjon for utviding av brygga ved Gjendebu i tråd med søknad av 16.04.24 frå Nordplan AS. Utvidinga er nødvendig for tilpassing til den større båten *Kåre Johan* og for auka sikkerheit for passasjerane.

Dispensasjonen er gitt med følgjande vilkår:

- Utvida brygge får total storleik på 6 x 20 meter. Den nye delen utgjer 3 x 20 meter, og blir bygd til på autsida av den eksisterande brygga, jf. teikning og situasjonsplan.
- Brygga utførast i malmfuru, og vil bli steinsett / forankra med tilført stein.
- For den synlege steinsettinga inn mot landkanten skal det brukast stein med farge som liknar mest mogleg på steinen i nærområdet til brygga.
- Nasjonalparkforvaltar får fullmakt til å gje dispensasjon for nødvendig motorferdsel knytt til byggearbeidet når transportplanen er avklara.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad ved e-post av 16.04.24 frå Nordplan AS
- Delegert vedtak datert 16.03.21 ang. motorferdsel i samband med nødvendig oppmåling av eksisterande anlegg.
- E-postutveksling 19.04.24 ang. steinforsyning til anlegget.

Saksopplysningar

Nordplan AS som representerer Gjendebåten AS har sendt søknad om utbetring av brygge. Utdrag av søknaden:

«Dagens brygge i Gjendebu er for lita ift dagens størrelse på båt. Den er også et problem i hardt vær, noe som det er ofte i denne delen av Jotunheimen. Sikkerheten for passasjerene er også et tema, denne vil bli mye bedre ved en tenkt ombygging.»

Tenkt utbygging av brygga, vil bli utført i grove furu materialer, en slags reisverk/rammekonstruksjon. Denne vil i størst grad bli prefabrikkert i Vågå, før den transporteres til gjendeosen og sammensettes her. Den vil bli fløytet vestover Gjende, og steinsettes/senkes på plass der den skal stå. Det vil også i størst mulig grad bli sendt varer


med Gjendebåtens ordinære ruter, evt om det vil bli søkt om bruk av lekter. Dette kommer vi tilbake til da prosjektet ikke detaljprosjektert, men dette er tanken for prosjektet slik det foreligger i dag. Større endringer som dukker opp gjennom detaljprosjekteringsfasa, vil fortløpende bli orientert om til Statsforvalteren.

Prosjektet er tenkt gjennomført høsten 2025, september- desember.»

Vedlagt søknaden er situasjonsplan og enkel skisse i plan og snitt/perspektiv.

Kommunegrensa mellom Lom og Vågå følger strandlinja av Gjende, slik at konstruksjonen ut i vatnet vil ligge i Vågå. Søkjar er orientert om kommunens rolle som styresmakt etter plan- og bygningslova, og opplyser at det blir sendt parallell byggesøknad til Vågå kommune.


Situasjonsplan vedlagt søknaden:



Flybilette:



Teikning og snitt:



Det er ifølgje teikning planlagt steinsetting av brygga med ca. 120 m³ stein.

Det er i mailutveksling 19.04.24 klargjort at verneforskrifta ikkje har heimel for steinuttak innan nasjonalparken, og at saksbehandlar ikkje ser det som aktuelt å nytte den generelle dispensasjonsheimelen og naturmangfalslovas § 48 for denne typen inngrep. Søkjar har i e-post av 19.04.24 gjeve slik tilbakemelding angående planlagt steinsetting: «Prosjektet hadde i utgangspunktet tenkt gjennomført med frakt av stein med gjendebåten på ordinære ruter, evt noen ekstra- turer. Kanskje også med søknad om bruk av lekter, men som det ble sagt i søknaden, så er ikke prosjektet detaljprosjektert og vi vil komme tilbake til dette med frakt.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av delegeringsvedtak og styrevedtekter sist revidert 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

§ 3 pkt. 3.1.1 har eit generelt forbod mot alle inngrep i landskapet:

1. Landskapet

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrelgging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmmande.

Vedlikehald av eksisterande anlegg er direkte heimla i verneforskrifta § 3 pkt. 1.2 a):
«Vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar som ikkje fører til bruksendring.
Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding. - - »

Ei ombygging som gjev endra storleik og form krev dispensasjon etter § 3 pkt. 1.3 a)
«Ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar.»

Ein legg til grunn at punkt 1.3 a) omfattar byggverk generelt, og ikkje berre bygningar, slik at denne regelen er relevant i saka.

Motorferdsel:

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 6.3 f) gi løyve til:
«Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggarbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.»

Materialtransport med båt/lekter på Gjende er ikkje opplista i forskrifta, og må behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen, som er avløyst av naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsplan (retteleiar utkast frå 2008)

Forvaltningsplanutkastet deler verneområda i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad. Gjendebu ligg i såkalla brukssone, omtala i kap. 6.3.2: « - - -Brukssone gjeld alt areal i nasjonalparken utanom vernesona, med unntak av nokre små område som er definerte som soner med spesiell tilrettelegging og inngrep. - - - Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern. Brukssona omfattar fleire attraktive og lett tilgjengelege turmål som er særleg sentrale i samband med reiseliv og fjellføring, m.a. til Uranostind frå Koldedalen. I nokre område av sona er det tradisjon med føring av turgåarar. I nokre område er det særlege interesser i høve til tidlegare bruk kulturlandskap, m.a. kring Gjendebu, - - - »



«Overordna strategi for sona:

Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av brukssona.»

Brygger er ikkje særskild omtala i forvaltningsplanen ut over det som står i kap. 8.4 og 8.6:

«8.4. INN FALLSPORTAR (TILGJENGE TIL OMRÅDA)

- - - Retningslinjer: Tiltak som legg til rette for å koma inn i verneområda skal ha strenge estetiske krav til utforming. - - -

8.6. TILRETTELEGGING FOR FUNKSJONSHEMMA

- - - Bryggene på Gjendesheim, Memurubu og Gjendebu er bra tilrettelagt for funksjonshemma. Båten på Gjende bør ha moglegheit for lett ombord- og ilandstiging for funksjonshemma. - - »

Føringar for andre byggverk i kap. 8.2 kan også vera relevante for bygningsmessige tiltak på bryggene for Gjendebåten. Her gjeld følgjande retningslinjer: «- - - *Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.*»

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er berre to større brygger tilpassa rutebåten på Gjende i nasjonalparken. Det er etablert praksis å tillate nødvendige utbetringar for å ivareta tryggleik og legge til rette for funksjonell bruk. Det er også praksis å opne for nødvendig motorferdsel knytt til godkjent byggearbeid.

Vurdering

Gjendebu har over 150 års historie som DNT-hytte, og det har vore rutebåt på Gjende sidan 1906. Talet på turistar som vart transporterte Gjendebåten nådde ein topp i 2018, med eit passasjertal på 67.851. Dei siste åra har passasjertalet stabilisert seg på 45.-50.000.

Tilrettelegginga ved Gjende er viktig for reiselivet i regionen, og ein svært stor del av Besseggen-turistane nyttar Gjendebåten for tilkomst. I forvaltningsplanen er det lagt vekt på at båten også opnar for at dei som ikkje er i stand til å gå sjølve får oppleve nasjonalparken gjennom dette tilbudet. Utviding av brygga vil gjera tilkomsten enklare og tryggare for alle.

Oversiktsfoto landskapet, med bryggeområdet markert (Foto: Magnus Snøtun)



Den nyaste båten, *Kåre Johan*, vart sett i drift i 2017. Utskifting av båt vart godkjent av nasjonalparkstyret i sak 25/2016. Nybåten er vesentleg større enn andre båten, Gjendine, som har gått i rute frå 2006. Med større båt er det behov for utviding av brygga, for sikrare

ilandføring – særleg i hardt vær. Det er eit stort ansvar å transportere passasjerar, og det er viktig med ei tilrettelegging som sikrar tryggast mogleg ferdsel. Betre plass på brygga vil også gje tryggare ombord- og ilandstiging, der det også skal lastast og lossast varer.

Utviding av brygga vil bli lite merkbar i landskapet, sidan det blir ein flat konstruksjon som ei forlenging av den eksisterande brygga, og som ikkje vil gå lenger ut i vatnet, sjå bilete:



Utviding er planlagt til venstre for eksisterande brygge. Foto 12.07.2012 – K.S.



Nybåten *Kåre Johan* ved brygga 13.08.2017. Foto Kari Sveen

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er relativt god kunnskap om naturmangfaldet og bruken av området. Tiltaket vil ikkje skape auka aktivitet utanom sjølve byggeprosessen, og vil ikkje gje negative konsekvensar for naturmangfaldet.

§ 9 Føre-var prinsippet: Ein kan ikkje sjå at utvida brygge vil gje auka belastning på naturmiljøet.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til bygging i verneområdet, men tiltak for betre funksjonalitet og tryggleik er viktig.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar - vurdert som ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Ein kjem attende til dette spørsmålet ved behandling av søknad om motorisert transport i samband med gjennomføring av tiltaket.

Konklusjon

Tilpassing av brygga til større båt er nødvendig av omsyn til sikker og funksjonell drift og trygg passasjertransport. Tiltaket vil bli lite synleg i landskapet, og vil ikkje gå ut over verneformål eller verneverdiar. Det kan derfor gjevast løyve til gjennomføring av tiltaket med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 a).

Plan for motorferdsel blir behandla administrativt når det er klarlagt korleis ein vil transportere inn stein for forankring av brygga.

Arkivsaksnummer: 2019/13191-5

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	26/2024	11.06.2024

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Endring av reguleringsplan Gjendeosen - Reinsvangen - Innspel til oppstartmelding

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til våre tidlegare uttaler angående reguleringsplanprosessar for Gjendeosen – Reinsvangen, der det i uttaler av 24.02.2017 og 28.06.2019 har vorte understreka at området rundt turistveganlegget ved Gjende må tilretteleggast slik at ein får ei tydeleg kopling mellom serviceanlegget ved brygga og turstigen langs Gjende som går inn i nasjonalparken. Turen langs vatnet representerer eit viktig tilbod for dei som ikkje tek fatt på den krevjande turen over Besseggen.

Gjende, med Besseggen som trekkplaster, er den mest nytta innfallsporten til Jotunheimen nasjonalpark, og det er viktig at naturopplevingar tilpassa ulike grupper blir gjort synlege for dei besøkande. Dette vil vera i samsvar med besøksstrategien for nasjonalparken.

Det er noko uheldig at ny brønn er lagt i gangvegtraseen i gjeldande reguleringsplan frå 2020, men så lenge det blir gjort terrengtilpassingar slik at ein får ein tydeleg gangsti på utsida av servicebygget og vidare vestover mot nasjonalparken vil prinsippet om gangvegtrase langs Gjende vera tilfredsstillande ivareteke. Det vil vera viktig med ei god linjeføring og romsleg passasje for dei som ønskjer å gå langs vatnet. Fri ferdsel langs vassdraget må oppretthaldast, og gangvegen må ikkje innskrenkast eller sperrast av utemøblar eller liknande langs kortveggen på sørsida av servicebygget mot Gjende.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Structor Lillehammer AS - Melding av 29.05.24 om oppstart av reguleringsendring
- Reguleringsplan for Gjendeosen – Reinsvangen vedteken i Vågå kommune 23.6.2020
- Uttale av 28.06.2019 frå nasjonalparkstyret / Sak 26/2019 - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Revidert reguleringsplan - Gjendeosen/Reinsvangen - Uttale til 1. gongs ettersyn og høyring
- Sak 4/2017 – innspel av 24.02.2017 frå nasjonalparkstyret
- Besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark


Saksopplysninger

På vegne av Statens vegvesen Nasjonale Turistvegar varsler Structor Lillehammer AS oppstart av reguleringsarbeid, der «Føremålet med planarbeidet er å revidere gjeldende reguleringsplan for eit avgrensa område ved Gjendeosen, med omsyn til sikringssoner for ny grunnvassbrønn, og eit noko redusert trafikkareal.»

Vedlegg til meldinga:


- Varselbrev
- Notat med informasjon om planarbeidet
- Plankart med gjeldende reguleringsplan og utvida planområde (pdf- og sosi-format)

Utsnitt av plankart



Plannotatet har planskisse for ferdigstilling av areala rundt servicebygget rundt servicebygget:





Både Vågå sin representant i nasjonalparkstyret og nasjonalparkforvaltar og har delteke på synfaringar saman med Statens Vegvesen / Nasjonalar Turistveger angående avsluttande utforming av anlegget ved Gjendeosen, og har gjennom dette fått god informasjon om planar og utfordringar.

Behovet for planendringane gjeld i hovudsak innarbeiding av sikringssoner rundt ny vassforsyning og noko reduksjon i trafikkarealet mellom brygga og det nye servicebygget.

Brønneren er allereie etablert, men det er krav om at restriksjonar som blir fastsett i sikringssonene rundt vassforsyninga blir forankra og vist som soner i reguleringsplanen.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, og forvaltar verneområda i medhald av styrevedtekter sist oppdatert 19.01.2024. Styret kan gje uttaler i saker som vedkjem nasjonalparken.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan / besøksstrategi / innfallsportar

Miljødirektoratets veileder M-417 | 2015 om innfallsportar understrekar naturoppleving som eit viktig element i tillegg til infrastrukturen på innfallsportane til nasjonalparkar/verneområde:

- *Et viktig formål med innfallsportar er å tilby den besøkende naturoppleving*
- *Alle besøkende skal sitte igjen med et positivt nasjonalparkminne uavhengig av om de kun besøkte området rundt informasjons-, start- eller utkikkspunktet, eller endte med å gå en lengre tur i nasjonalparken.*
- *Arkitekturen eller anlegget må gjerne bli en attraksjon i seg selv, men uttrykket må alltid være slik at det ikke overdøver eller svekker opplevelsen av nasjonalparken.*

Vurdering

Sikringssoner for ny drikkevasskjelde og endring av trafikkareal rører ikkje ved areal innan nasjonalparken, og blir ikkje nærare kommentert.

Gjende, med Besseggen som trekkplaster, er den mest nytta innfallsporten til Jotunheimen nasjonalpark, og det er viktig at opplevinga av naturen blir tydeleg kommunisert overfor dei besøkande til verneområdet. Dette vil vera i samsvar med besøksstrategien vedteken i 2012.

Besseggstien endar opp på arealet mot rundkjøringa ved brygga, og det har vore tett dialog med Nasjonale Turistveger i samband med stireparasjonane etter uværet Hans, ettersom siste del av stien kjem inn på området som er revegetert i samband med turistvegprosjektet ved Gjende.

Frå området ved brygga går ein sti langs Gjende mot Memurubu, og på første del av stien fram til Hamnsand er det også tilrettelagt med ein natursti. Dette er eit lågterskeltilbod for barnefamiliar og andre som ikkje ønskjer å gå den krevjande turen over Besseggen. I den lange anleggsperioden for turistvegprosjektet har stien vorte liggande bak anleggsområdet, og har vore lite synleg. Som eit ledd i besøksforvaltninga er det viktig at den aller enklast tilgjengeleg innfallsporten til nasjonalparken blir synleggjort og tilrettelagt for besøkande.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har gjeve innspel til planarbeidet ved Gjendeosen i fleire omgangar, og har i uttale vedteken i sak 4/2017 m.a. understreka at det må vera *«ei tydeleg kopling mellom serviceanlegget ved brygga og turstigen langs Gjende som går inn i nasjonalparken. Ein må uansett rekne med at folk vil trekke ned mot vatnet, og ein opparbeidd gangtrase langs stranda med kopling til eksisterande turrute med naturstig langs Gjende bør innarbeidast i planen.»*

I samband med revisjon av reguleringsplanen i 2019/20 for endring av byggeområde for servicebygg m.m. uttrykte nasjonalparkstyret i sak 26/2019 noko skepsis til den tverrstilte plasseringa av nytt servicebygg, da ein frykta at dette kunne framstå meir som eit stengsel enn som ein invitasjon inn mot nasjonalparken. Det vart i uttale av 28.06.2019 lagt vekt på at det nye servicebygget ikkje kunne plasserast så langt ut mot vatnet at det ikkje vart ein romsleg passasje i strandsona – også ved høg vasstand i Gjende. Revidert reguleringsplan frå 2020 tok høgde for dette, der trase for gangveg langs Gjende er innarbeidd på plankartet.

Det føreliggande endringsforslaget viser at ny drikkevasskjelde er plassert i den regulerte traseen for gangveg. Det må leggest til grunn at terrenget rundt brønnen blir tilpassa slik at gåande langs vatnet får ei godt tilrettelagt gangvegplassasje forbi vasskjelda og vidare vestover mot nasjonalparkgrensa og med ein god kontakt med vatnet og strandsonen.

Det er allereie gjort ein del tilrettelegging rundt brønnen, og det ser ut som om det er godt førebudd for ein gangveg på utsida av servicebygget, og med ein sving på innsida av brønnen før vegen fortset vidare vestover. Området bak det nye servicebygget er ikkje ferdigstilt, men planskissa som ligg i endringsnotatet og det påbegynte arbeidet synest å legge til rette for ein gangveg som oppfyller prinsippet fastsett i gjeldande reguleringsplan frå 2020. Dvs. at gangvegen får ei noko endra linjeføring som følgje av plasseringa av brønnen, men endringa betyr lite så lenge det blir ein tydeleg gangsti over det opparbeidde området og fram til den naturlege stien som går inn i nasjonalparken på nordsida av Gjende.

ST 27/2024 Orienteringssaker
ST 28/2024 Eventuelt